



Meland kommune

Agnes Irene og Tore Holger Jæger
Rådalslien 115

5911RÅDAL

Referansar:
Dykkar:
Vår: 14/4432 - 14/20405

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
29.12.2014

Spørsmål om sikring av Mjåtveittjørna naturvernområde

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen		14/4432

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
98/2014	Utval for drift og utvikling	PS	02.12.2014
93/2014	Kommunestyret	PS	17.12.2014

Spørsmål om sikring av Mjåtveittjørna naturvernområde

Saksopplysningar:

Bakgrunn

På bakgrunn av spørsmål om sikring av Mjåtveittjørna m.o.t. ulukker, har ordføraren bedt om at ei sak blir lagt fram for Utval for drift og utvikling. Jf også spørsmål i spørjetimen i Kommunestyret den 19.11.2014.

Vurdering

Mjåtveittjørna og området omkring er regulert til Naturvernområde i reguleringsplanen for Mjåtveitmarka. Mjåtveittjørna har fått denne statusen fordi det i utgangspunktet er eitt av tre naturleg fisketomme vatn i kommunen, lista opp i kategori B – viktig – i kommunen sin eigen naturtypekartlegging. Tjørnet er m.a.o. ein naturtype som ikkje er utbreidd i kommunen, med eit heilt eige «dyreliv» (plankton, insekt, amfibiar og liknande.). Den fisken som er sett ut, høyrer ikkje heime der, eller på Vestlandet i det heile.

Samstundes er Mjåtveittjørna eit myrtjørn som gjennom ein naturleg og langvarig prosess vil tilstrebe å bli ei myr. I denne gjengroingsprosessen vil tilførsel av humus laga nye område i vatnet, desse framstår som jordøyer; prosessen vil fortsetje i lang tid før tjørnet eventuelt til slutt blir transportert til myr. Det vil undervegs vekse ut nye kantar langs tjørna, dei kan bryte seg laus og drive rundt i vatnet.

Reguleringsstatusen tyder at kommunen sjølv ønskjer å ta vare på denne sjeldne natyrtyten. I utgangspunktet er det svært verdifullt å ha tilgang til slike verdiar i nærleiken av der folk bur, under føresetnad av at ein maktar å skjøtte området. Det inneber m.a. at området er mest mogeleg inngrepsfritt.

Kommunen er grunneigar til sjølve tjørnet, med grense mot internvegen i industriområdet. Kommunen eig ikkje grunnen mot busetnaden i Mjåtveitmarka eller næringsverksemdene i industriområdet. I kva grad ein skal sikre seg mot mogelege ulukker, er det mange ulike syn på. Dersom kommunen skal pålegge grunneigarane å sikre eigedomane mot ulukker, bør sikringstiltak bli plassert i formålsgrensa mellom busetnaden/fellesområdet/næringsområdet og naturvernområdet, slik at naturtyten framleis blir teken vare på.

Folkehelse: Det er stilt spørsmål om ulukkesfaren ved at tjørnet ikkje er sikra/gjerda inn, meiningane er delte.

Miljø: Vernestatusen skal sikre at tjørna ikkje forsvinn som naturtype. Evt. inngrep må skje i utkanten (yttergrensa) av det regulerte naturvernområdet.

Økonomi: I utgangspunktet er grunneigarane ansvarleg for sikring. Området der det evt. kan setjast opp sikring er i privat eige.

Konklusjon

Sidan det er reist eit spørsmål om Mjåtveittjørna er sikra mot ulukker, bør grunneigarane og andre partar i fellesskap drøfte utfordringane og mogelege løysingar. Kommunen kan ta initiativ til drøftingane. Målet må vere å hindre barn i å bevege seg ut mot tjørna, samstundes som naturvernområdet blir teke vare på og skjotta på ein god måte.

Framlegg til vedtak:

«Utval for drift og utvikling ber administrasjonen ta initiativ til dialog med grunneigarane og andre partar i området for å drøfte utfordringar og mogelege løysingar for å sikre Mjåtveittjørna mot ulukker, samstundes som Mjåtveittjørna blir teke vare på som naturvernområde.»

Utval for drift og utvikling - 98/2014

Framlegg til vedtak frå Ragnar Bratland, H:

Utval for drift og utvikling ber kommunestyret bevilge kostnadene til gjerdematriell for opppsetting av gjerde rundt Mjåtveittjørna til Mjåtveit Vel. Vellaget setter opp gjerde på dugnad."

UDU - behandling:

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå Ragnar Bratland, H, **7 røyster for, 0 i mot** og er såleis vedteke.

UDU - vedtak:

«Utval for drift og utvikling ber administrasjonen ta initiativ til dialog med grunneigarane og andre partar i området for å drøfte utfordringar og mogelege løysingar for å sikre Mjåtveittjørna mot ulukker, samstundes som Mjåtveittjørna blir teke vare på som naturvernområde. Utval for drift og utvikling ber kommunestyret bevilge kostnadene til gjerdematriell for opppsetting av gjerde rundt Mjåtveittjørna til Mjåtveit Vel. Vellaget setter opp gjerde på dugnad."

Kommunestyret - 93/2014

KS - behandling:

Sigmund Larsen erklærte seg inhabil i saka. Kommunestyret røysta over Sigmund Larsen sin habilitet. Ved denne røystinga gjekk Sigmund Larsen frå.

Avrøysting:

Sigmund Larsen er habil i handsaming av saka fekk 19 røysta for, (6 H, 4 Ap, 4 Sp, 2 SAM, 1 V, 1 MDG, 1 Uavh), 7 røysta mot, (2 FrP, 3 KrF, 1 AP, 1 V).

Sigmund Larsen tok deretter sete ved handsaming av saka.

Kåre Skibenes, KrF fremma administrasjonen sitt framlegg til vedtak.

Avrøysting:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke. Framlegg til vedtak frå Utval for drift og utvikling fekk 0 røyster for og fall.

KS - vedtak:

Kommunestyret ber administrasjonen ta initiativ til dialog med grunneigarane og andre partar i området for å drøfte utfordringar og moglege løysingar for å sikre Mjåtveittjørna mot ulukker, samstundes som Mjåtveittjørna blir teke vare på som naturvernområde.